

Årsmelding

Førde sokn

2021

1. Året med ombygging i kyrkja

Kyrkja skal vere ein møteplass for menneske i ulike livssituasjonar, og ein plass der menneske møter Gud. Året 2021 var dessverre ikkje slik vi hadde håpa. Det var avgrensingar på kor mange som kunne samlast, føring av namnelister og ekstra reinhald. Trass dette har Førde sokn hatt stor aktivitet med gudstenester, dåp, gravferd, korarbeid og mange aktivitetar for barn og unge. Takk til frivillege og tilsette som har tatt eit ekstra tak i 2021!

Inne i kyrkja viser året 2021 att på ein god måte. Nytt universelt utforma toalett, ny trapp frå galleriet, ny kjøkenkrok under galleriet, ny løpar i midtgangen og fire innkorta benkar for rullestol og barnevogn. Alt dette gjer at kyrkja vert meir tilgjengeleg og meir funksjonell.

Av andre viktige saker kan vi nemne prosessen med utforming av ny reguleringsplan for Kyrkjevegen. Når Førdepakken realiserer planen i 2023 vert det fortau i Kyrkjevegen, og vegen ved kyrkja og Kyrkjetunet vert fornya.

Årsmeldinga viser at kyrkja i Førde har stor breidde i arbeidet, og at vi når fram til mange. Soknerådet vil takke alle tilsette som saman med frivillege gjer Førde kyrkje til ein god stad å høyre til!

Bjørn-Harald Haugsvær
Leiar Førde sokn

2. Førde sokneråd med utval

Dette er samansettinga av soknerådet i 2021:

Bjørn-Harald Haugsvær (leiar), Jorunn Gjengedal Knapstad (nestleiar), Ingeborg Watne Flatland (medlem i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd), Cathrin Hjelle Søvde, Aud Berit Fossøy (varamedlem Sunnfjord kyrkjelege fellesråd), Maria Holsen, Ole Johnny Warvik, Sven Ivar Hove, Ingvald Andersen Frøyen (sokneprest)

Varamedlem: Leonard Subrescu, Anny Konstanse Skadal Andersen, Nina Gornitshni, Inger Irene Dvergsdal, Olav Magne Hegdal

Førde sokn har no desse faste utvala:

- Utval for gudstenester og kyrkjemusikk: Cathrin Søvde (leiar), Helene Nordeide og Odd Arne Standal, Ingvald Andersen Frøyen (tilsett), Gro Gunnarson (tilsett)
- Misjonsutvalet: Jorunn Knapstad (leiar), Eli Schwartz
- Utval for diakoni og grøen kyrkje: Hanne Schnitler (leiar), Olaug Åmot, Margit Nygård, Elin Flatland, Svanhild Ask, Aud Berit Fossøy, Leonard Subrescu, Inger Cecilie Fitje (tilsett), Ingvar Vagstad (tilsett)
- Utval for trusopplæring: Anne Magerøy, leiar (NMS), Sven Ivar Hove (soknerådet Førde), Gunn Heimestøl (soknerådet Holsen og Haukedalen), Hanne Bildøy (søndagsskulen), Inger Anne Friborg, Kariann Aasland (KFUK-KFUM), Heidi Voltersvik Styve (tilsett), Gry Sætre (tilsett)

3. Frå soknepresten

For meg som sokneprest vart 2021 eit annleis og krevjande år då eg og kona mi allereie tidleg i mars vart utsett for ei bilulukke som sette oss ut av arbeid heilt fram til juni månad. Dette, saman med at det framleis har vore eit Corona-år, har gjort at det har vorte vanskeleg å tenkje dei lange tankane og utvikle arbeidet i kyrkjelyden vidare. Etter at eg var tilbake i arbeid har det vore fokus på å få gjennomført det planlagde så godt som mogeleg.

Prestetenesta i Førde er også merka av at det i heile 2021 var stor mannskapsmangel innan konfirmantarbeidet og trusopplæringa, og eg har difor gått inn som fast klasseansvarleg for to konfirmantklassar. Dette er ei viktig oppgåve, men gjer at det vert mindre tid til andre tiltak i kyrkjelyden, så som Bibelundervisning for vaksne og anna utviklingsarbeid i kyrkjelyden.

Eg vil for 2021 rette ein stor takk til alle kollegaene mine som stilte opp for meg i mi lange sjukemelding. Takk og til alle i kyrkjelyden som på ulikt vis har synt meg omsorg og bedt for meg.

2021 vil bli ståande som det året då det store vedlikehaldsarbeidet i Førde kyrkje tok til, og det må rettast ein STOR takk til Byggenemnda som har fylgt opp og som framleis leier dette store arbeidet. Ein takk også til Fellesrådet for finansiering og handlingsrom.

Som sokneprest i Førde gler eg meg over at kyrkja vår no får ei real oppgradering, og at ho vert meir brukarvennleg så alle kan kome fram og kjenne seg heime uansett om dei går på føtene eller kjem seg fram i rullestol. Eg gler meg til å ta i bruk «kyrkjetorget» under galleriet og det nye kjøkenet og skape ein møteplass der vi kan bli enda betre kjende med kvarandre.

Eg trur ikkje alt vert som før når landet no opnar opp, og det synest eg er spennande å tenkje på, for endring kan bety at vi saman kan skape noko nytt og betre.

Ingvald Andersen Frøyen
sokneprest

4. Tilsette gjennom Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Stilling	Namn	Stillingsstorleik
Diakoniarbeidar	Ingvar Vagstad	100%
Kateket	Heidi V. Styve	100%
Kantor	Gro Gunnarson	100% (70% frå august)
Kantor	Miguel E. Chavez	100% (frå oktober)
Kyrkjegardsarbeidar	Oddbjørn Steinsund	15%
Kyrkjelydspedagog	Ute Lindner	100% (40% til Jølster)
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100%
Kyrkjeseekretær	Kari Skullerud Holsen	50%
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100%
Kyrkjetenar	Leonard Subrescu	100%
Kyrkjeverje	Inger H. Øvrebø	100%
Ass. kyrkjeverje/dagleg leiar Førde sokn	Trond Herløvsund	65%
Dagleg leiar Førde kyrkjetun	Ann Berit Steiro	75%

Ungdomsarbeidarar på timebasis:

Jarand Fitje
Ingrid Sofie Flaten
Margrethe Fauske

Tilsette i bispedømmet:

Prost Knut Magne Nesse
Sokneprest Ingvald Andersen Frøyen
Kapellan Carsten Langeland

5. Nøkkeltal for Førde sokn og Førde kyrkje for året 2021

	Førde 2018	Førde 2019	Førde 2020	Førde 2021
Døypte eigne	107	86	87	81
Deltakande på søndagsgudstenester	11076	11672	5718	5567
Deltakande på andre gudstenester	6209	6534	322	2216
Deltakande på gudstenester Totalt	17285	18206	6040	7783
Tal søndagsgudstenester	69	68	67	56
Tal andre gudstenester	51	43	14	26
Tal gudstenester med nattverd	44	58	26	32
Totalt tal på deltakarar til nattverd	3028	3360	648	1232
Tal gudstenester totalt	120	111	81	82
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	144	154	75	95
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	161	171	86	99
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjestar	69	57	25	39
Tal konfirmantar	152	148	149	144
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	425.122 kroner	439.367 kroner	211.100 kroner	224.277 kroner
Innmelde	3	13	2	6
Utmelde	26	45	42	45
Vigsler	8	9	3	4
Gravferder	46	55	58	44
Deltakande på gravferder	-	7819	--	3461

Nokre merknadar:

I løpet av 2021 har vi klart å få til nokre skulegudstenester. Talet på søndagsgudstenester har vorte noko lågare, men totalsummen på gudstenester er den same, - litt over 80.

Vi har latt tala frå 2018 og 2019 stå slik at vi forstår kor mykje restriksjonane har betydd for arbeidet vårt dei siste to åra.

Det som ikkje kjem fram i statistikken her er fylgjande:

10 planlagde gudstenester vart avlyst grunna Corona restriksjonar.

7 gudstenester vart arrangerte på kyrkjetrappa/ kyrkjebakken.

17 reine dåpsgudstenester vart haldne med totalt 1042 deltakande. (Dette kjem i tillegg til ordinære gudstenester)

Så må vi legge til alt det faste arbeidet som skjer gjennom korskulen / kyrkjekoret / besøk frå barnehagane før jul og påske og skulebesøk elles. (++)

Statistikk har sin verdi og tala fortel oss heilt klart noko om kva som har skjedd og om i kva grad vi lukkast med å samla folk. Samstundes er det ein god del som ikkje kjem fram i dei tala vi samlar inn. Dei krevjande tiltaka har også gjort at vi som kyrkje har kome tettare på mange einskildmenneske i møte med sorg og død. Vi har hatt fleire besøk hos sjuke og døyande, og vi har hatt fleir samtalar

med einskildmenneske i samband med dåp. Statistikken fangar heller ikkje opp alt det vi har planlagt som har vorte avlyst. Det har gått med mykje tid og arbeid for å førebu samlingar som aldri vart noko av. Dette fortel ikkje statistikken så mykje om.

6. Frå kateketen: konfirmantarbeidet

Lite visste vi 1. januar 2021 at også det nye året skulle bli prega av koronarestriksjonar. Personleg blei 2021 i tillegg prega av langtidssjukemelding. Store delar av 2021 jobba eg 50 %. Noko arbeid måtte difor leggest på is. Så 2021 er for meg på ingen måte representativ for dei åra eg har jobba i Førde kyrkje.

Når det er sagt, kan man velje om ein vil fokusere på alt som ikkje kunne gjennomførast (nattcup for konfirmantane, skileir og sms-leir for konfirmantane, skulegudstenester osv), eller fokusere på det vi tross alt klarte å gjennomføre. T.d lagde vi eit heilt nytt opplegg for konfirmantane: Førde actionday som var eit samarbeid med Sogn og Fjordane Kfuk-Kfum. Det var eit plaster på såret for avlyste arrangement, og konfirmantane fekk ein dag full av aktivitetar: gocart, kajakk, bowling, aktivitet i Hafstadparken, grilling mm. Det blei ein flott dag, og mange foreldre stilte villig opp for å hjelpe til! Barnehagane kom til kyrkja både til påske og jul, og fleire av trusopplæringstiltaka fekk god oppslutnad.

Konfirmasjonane blei også i 2021 utsett frå mai til september. Det blei mykje jobb når det var dobbelt så mange gudstenester som det vi har i Førde i eit normalt år. Likevel fekk konfirmantane og familiane flotte konfirmasjonsgudstenester takka vere frivillige og tilsette som gjorde ein formidabel innsats!

Rett etter konfirmasjonane var vi i gong med nytt konfirmantkull. Allereie fyrste helga i oktober reiste vi ut til Nesholmen. Der hadde vi ei kjekk helg saman med dei nye konfirmantane. Konfirmantane har fått gjennomført sine planlagde aktivitetar siste halvdel av 2021. Fyrste del av 2022 derimot har gjeve oss nokre utfordringar, men det kjem i ei anna årsmelding.

Til påske gjorde restriksjonane at det ikkje var mogleg å gjennomføre skulegudstenestene. Det same skjedde diverre også før jul, men då rakk vi å gjennomføre to skulegudstenester før nedstenginga kom. Det å høyre 3. klasse syngje fem vers av «Det lyser i stille grender» feilfritt og utenatt, er ei oppleving eg hadde unna alle å høyre.

Heidi Voltersvik Styve
Kateket

7. Frå kyrkjelydspedagogen: trusopplæring

Januar kom nedstenginga på grunn av pandemien og aktivitetane vart utsett. Det vart derfor tid til å lage *barnealtar* til Førde kyrkje. På slutten av månaden kom eg i gang igjen med dei faste aktivitetane som eg har: *Spiren*, *Aktivkonfirmant*, *Ope hus* og *Deciding*. I **februar** var eg med å arrangerte Søndag

for alle med Karneval, som vi hadde utandørs. I **mars** var det utdeling av 4-årsbok og *Søndag for alle*, som vi igjen hadde utandørs.

Eg hadde organisering av *Påskevandring* for *barnehagar* i Førde kyrkje, Holsen kyrkje og Karstad barnehage. I **april** arrangerte eg *Tårnagentsamling* for 8-åringar i Førde kyrkje, og eg fekk også tid til å fornye alle *teiknebretta* i kyrkja. Deciding arrangerte *Work shop* som eit trusopplæringstiltak for ungdommar frå 13 år og oppover, og vi hadde Agent for skaparverket for 9-åringar med planting av grantre i **mai**. Deciding hadde ei aktiv og innhaldsrik avslutning på semesteret i **juni** med deltaking på Kultur natt, konsert i Førde kyrkje, deltaking på Bygudsteneste og sommaravslutning med val av nytt styre.

I **august** hadde vi Vakuümveke, oppstart for Deciding og det var utdeling av bok for 6-åringar. Vi kom i gang med Ope hus for 10-13 åringar og med Spiren i september.

Det var digital Trusopplæringskonferanse og oppstart av Aktiv-konfirmantar i **oktober**. I **november** starta vi opp med nytt trusopplæringstiltak for barn mellom 1-3 år, som vi kalla Krøllesamling. Det er planlagt 6 samlingar, som prøveprosjekt. Siste helga i november hadde vi Lys Vaken for 11 og 12-åringar.

Julespel i kyrkja for barnehagar i Førde og Holsen vart gjennomført i **desember**. Takk til kollegar og frivillige, som har vore med å fått til trusopplæringstiltak for barn, ungdom og familiar i Førde, Holsen og Haukedalen!

Gry Sætre
Kyrkjelydspedagog

8. Frå organisten: Kyrkjemusikalsk arbeid

Faste oppgåver: Speling på gudstenester, gravferd, vigsel og på Førde omsorgssenter. Korarbeid, konsertar, UGK-arbeid, deltaking i konfirmantarbeid m.m.

I løpet av 2021 vart desse konsertane gjennomført:

- Korskulen sin haustkonsert 5. oktober 72 stk
- Kyrkjekoret sin julekonsert 8. desember 85 stk
- Luciakonsert 13. desember 77 stk

Pga. pandemien vart det mindre korsong enn vanleg på gudstenester o.a. Men, det vart song av både knøtte – og kyrkjekoret på NMS si misjonsmesse på Førde kyrkjetun 6. november i tillegg til at kyrkjekoret deltok på helgemessesøndagsgudstenesta i Førde kyrkje søndag 7. november kl. 11.00 og minnegudstenesta kl. 16.00.

Pga. korona vart den tradisjonelle haustkonserten gjennomført berre med kor frå korskulen. Kyrkjekoret hadde eigen julekonsert i Førde kyrkje onsdag 8. desember. I samband med konserten hadde Vestlandsrevyen eit kort direkte sendt intervju med Ingvald Andersen Frøyen då det viste seg

at julekonserten til kyrkjekoret var den siste i Sunnfjord før landet igjen vart koronanedstengt torsdag 9. desember.

Luciakonsert med korskulen vart gjennomført 13. desember kl. 07.00
Korbarn frå korskulen deltok på julaftangudstenestene kl. 15.00 og 16.00, og tradisjonen tru song dei jula inn på NRK Sogn og Fjordane veslejulaftan.

Det vart ikkje arrangert instrumentale konsertar i 2021.

Pga. oppussinga i kyrkjerommet vart orgelet pakka inn for å unngå støv i «maskineriet». I denne perioden har ein brukt kororgelet og pianoet framme i kyrkja.

Utfordringar framover:

- Korarbeid er eit positivt men krevjande arbeid. Eg møter ca. 40 barn + nokre foreldre, og 20 vaksne kvar veke som øver både mot deltaking i gudstenester og konsertar i kyrkja og på andre arenaer. Det er eit viktig arbeid som når mange i kyrkjelyden vår. Det er trong for fleire ressursar inn i dette arbeidet!
- Førde kyrkje treng eit flygel, då pianoet som står i kyrkja no, begynner å bli ganske ferdigspelt.

Gro Gunnarson
kantor

9. Frå diakonen: diakonalt arbeid

Aktivitetar

2021 var, som fjoråret, i stor grad prega av Korona-pandemi og restriksjonar i samband med dette. Fleire av tiltaka vart avlyst eller utsett.

Oppgåvene til diakoniarbeidar er knytt opp til tiltaka i den lokale diakoniplanen.

Gudstenestearbeid

Medansvar for 6 kvardagsmesser, helgemessegudsteneste, klokkartenste gjennom året.
Andakter og besøk på omsorgssenteret, noko heimebesøk og samtalar elles.
Nokre av desse oppgåvene har i periodar vore nedstengde. To samarbeidsgudstenester med Førde Ressurssenter gjekk dessverre ut.

Konfirmantarbeid: innskriving av nye konfirmantar vart gjennomført etter planen. Leir på Nesholmen i september. Fasteaksjonen vart gjennomført digitalt.

Barn og ungdom

Vandringar i kyrkja med barnehagane til jul og påske. «På oppdaging i kyrkja» med 4. klasse vart det ikkje noko av.

«Vandring gjennom Bibelen», kurs for 4. trinn vart gjennomført i dei fleste klassane med i alt 8 kurs a 4 timar og 148 elevar.

Fleire klassar frå Hafstad vgs har og vore på kyrkjebesøk.

Felleskapsbyggjande arbeid

10-kaffien og onsdagstur kvar onsdag. Nedstenging i periodar har gjort at oppslutninga har vore noko mindre enn tidlegare.

Det vart ikkje sorggrupper pga for få påmelde.

«Kyrkja i byen»: møteplass på Handelshuset har gått med nokre få pausar. to frivillege og tilsette er med på tiltaket.

Hovudansvar for planlegging og gjennomføringa av «Julafta for alle» på Kyrkjetunet.

Samla 20 gjestar og 10 frivillege (pga smittevernsreglane).

Sykkeldugnad i april var einaste miljøarrangement dette året. I tillegg var eg med på planlegging og gjennomføring av «Agent for skaparverket» med treplanting i Angedalen.

I tillegg arbeid med Helg og Heim der eg er med i redaksjonen.

Sjå også årsmeldinga frå Diakoni- og miljøutvalet

Ingvar Vagstad
Diakoniarbeidar

10. Diakoni og miljøutvalet

Leiar:	Hanne Schnitler
Medlemmer:	Olaug Åmot, Margit Nygård, Harald Eikenes, Leonad Subrescu (soknerådsrepresentant), Aud Berit Fossøy (sokneråd-representant)
Tilsette:	Diakoniarbeidar Ingvar Vagstad

Diakoniutvalet har hatt 2 møter i 2021.

2021 har, som året før, vore prega av Korona-pandemi og restriksjonar, og periodar med strenge smittevernreglar og vakansar har ført til at det diakonale arbeidet har vore avgrensa. Inger Cesilie Fitje slutta i stillinga som diakon, og stillinga har stått vakant dette året. Ny diakon, Anita Rusken, vart tilsett med tiltreding januar 2022.

Det diakonale arbeidet i kyrkjelyden i 2021:

Grøn kyrkjelyd: Førde kyrkjelyd har vore «Grøn kyrkjelyd» sidan 2009, og miljøarbeidet er godt forankra i trusopplæring, konfirmantundervisning, gudstenester og i dagleg drift.

Sykkeldugnad 15. april var einaste miljøarrangement dette året. I tillegg var utvalet med på planlegging og gjennomføring av «Agent for skaparverket» med treplanting i Angedalen.

Miljøplanen vart revidert i 2018. Førde kyrkje er registrert i portalen til Miljøfyrtårn. Ein har då høve

til å søke om Miljøfyrtårnsertifisering. Førde kyrkje er under ombygging, og det er plan om bruk av fjernvarme, noko som vil vere eit godt miljøtiltak.

Kyrjekaffi i kyrkja: På grunn av koronarestriksjonar og ombyggingar i kyrkja, har det vore få kyrjekaffi i 2021. Konfirmantforeldre har stått for gjennomføring.

«**Søndag for alle**», der Førde Kyrkje samarbeider med Førde Normisjon, Førde KFUK/KFUM og Solvang Søndagsskule, har ikkje blitt gjennomført i 2021.

Kyrkjeskys: Med koronarestriksjonar har det ikkje vore tilbod om kyrkjeskys dette året.

Besøkeneste: På grunn av koronarestriksjonar har det vore vanskeleg å oppretthalde tilbodet i 2021. Ein del har fått besøk på omsorgssenteret i samband med torsdagsandaktene.

Andakt på Førde omsorgssenter: Det har vore andakt kvar veke det meste av året. Desse har hatt god oppslutning mykje takka vere god tilrettelegging frå omsorgssenteret.

Oppfølging av uløna medarbeidarar:

Det vart ikkje arrangert medarbeiderfest i 2021. Det var sendt ut julehelsing til alle uløna medarbeidarar.

Sorgarbeid: Minnegudsteneste på helgemessesøndag samla også i år mange pårørande. Det vart tent lys på alterringen, og namna til dei som døydd i 2021 vart nemnde.

Den årlege temakvelden «Livet etterpå – om tapserfaringar, sorg og håp» vart ikkje gjennomført. Sorggrupper i samarbeid med Sunnfjord kommune og Helse Førde er eit kontinuerleg tilbod kvart semester. Dette året har det ikkje vore nok deltakarar til å få i gang gruppe.

KN-aksjonen: Denne årlege aksjonen i fastetida til Kirkens Nødhjelp er det konfirmantane saman med foreldre som gjennomfører. Aksjonen vart dette året gjennomført digitalt. Summen vart nær halvert til 55 759,- Dette skuldast at vi ikkje hadde nokon til å følgje opp konfirmantane digitalt.

Julafta på Førde kyrkjetun: Tiltaket er godt etablert med gode samarbeidsrelasjonar til Sunnfjord kommune og Førde Frivilligsentral. I år var det sett grensa på 20 deltakarar i tillegg til 10 frivillege. Det er svært gledeleg at vi får frivillege som stiller opp. Arrangementet fekk ei raus gåve på kr 20000,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Elevar frå Halbrend skule har i fleire år bakt småkaker til arrangementet. Det vert sett stor pris på.

Kyrkja i byen: Visjon for Kyrkja i byen er å styrkje Førde kyrkje sitt nærver i byen.

3 tilsette og to uløna medarbeidarar har dette året vore med i turnus for eit møtepunkt på Skywalken på Handelshuset omlag kvar onsdag mellom klokka 14-16.

Samarbeid med Friskliv og frivillegsenterert og Aktivitetseininga om 2 tiltak:

10-kaffien på Kyrkjetunet vart arrangert kvar onsdag i skuleåret. 10-kaffien er eit godt møtepunkt som dette året samla litt færre deltakarar kvar onsdag. Den har no vore drive samanhengande i over 16 år. Det var pause i kafeen deler av året.

Onsdagsturane etter 10-kaffien er og gode diakonale møtepunkt der ein inviterer til turar i nærområdet. Ein tilsett frå kyrkja og ein tilsett frå Aktivitetseininga har ansvar for turen, og mellom 15 - 20 personar er med kvar gang. Turane vart avlyste i nokre kortare periodar.

Smågrupper: Etter planen skulle vi hatt ei samling for dei som er med i ulike grupper, og invitere nye. Fleire grupper har hatt koronapause, nokre er i gang som før, og nokre har lagt møta sine til Førde kyrkjetun. Det gjeld m.a. «Farsigruppa», NMS mannsguppe og Støttegruppa for asylsøkjjarar. Støttegruppa held fram å halde kontakt med dei som vart døpte i Førde, enten dei er i Førde eller i andre land. Fleire blir støtta økonomisk. Diakoniutvalet har ikkje full oversikt over alle grupper. Det er eit mål å invitere til temakvelder, sende ut informasjon, og opprette nye grupper.

10. Trusopplæringsutvalet (TRU)

Trusopplæringsutvalet i 2021:

Leiar	Anne Magerøy (NMS)
Sekretær	Heidi V. Styve
Utvalsmedlemar	Gunn Heimestøl (Holsen og Haukedalen Sokneråd) Sven Ivar Hove (Førde Sokneråd) Hanne Bildøy (Søndagsskulen) (tom mai -21) Inger Anne Friborg Kariann Aasland (KFUK-KFUM) Gry Sætre (tilsett)

Utvalet har hatt 3 møter og handsama 16 saker.

Trusopplæringsutvalet har i 2021 jobba med følgjande:

Revidering av trusopplæringsplanen:

- Trusopplæringsplanen som blei godkjent i 2013 blei revidert i 2021. Tru har brukt tid på alle tre møta på revidering og evaluering av trusopplæringsplanen.

Andre saker:

- 2021 var prega av Koronatiltak og sjukemeldingar blant dei tilsette i trusopplæringa. Det har difor ikkje vore handsama så mange saker i TRU. Men TRU har m.a. diskutert om konfirmasjonane skal vere på hausten eller våren, og kva for bok som skal delast ut til 4-åringane.

Trusopplæringa har i 2021 gjennomført desse aktivitetane:

- Spiren (81 personar innom)
- Utdeling av 4-årsbok haust og vår (66 born)
- Krøllesamlingar – nytt tiltak. Forsøkt fyrste gong i desember-21.
- Fastelaven med søndag for alle
- Utdeling av 6-årsbok (24 born)
- Vakuumveka (54 born)
- Tårnagent (43 born)
- Agent for skaparverket (9 born)

- Ope hus (89 born innom)
- Lys vaken (19 born fordelt på to årskull)
- Workshop (i samarbeid med Deciding)
- Konfirmantarbeidet (146 blei konfirmerte i Førde i 2021)
- I tillegg hadde vi påskevandring og julespel for barnehagane, og nokre skulegudstenester før jul. Det var og vandring gjennom Bibelen på skulane, og besøk av 4.klasse i kyrkja.

TRU vil i 2022 arbeide vidare med:

- Planar og idèar for nye tiltak i trusopplæringa
- Gjennomgang og evaluering av trusopplæringsplanen.

11. Kyrkjelydsbladet Helg og heim

Overordna målsetjing for bladet:

- at bladet vert lese av folk flest i alle sokna.
- at bladet kan ha eit innhald som både handlar om den kristne bodskapen og i tillegg har plass for kulturhistorie, reportasjar og portrett av engasjerte menneske.
- at bladet både melder og speglar aktivitet i kyrkjelydane.

Trykking og distribusjon:

Helg og Heim har kome ut med 4 nummer i 2021. Grafisk utforming er ved Geir Skagen, Firda Tidend på Sandane. Trykking: Husabø Prenteverk i Leikanger. Samarbeidet fungerer godt. Opplaget på bladet er no om lag 7300. Blad nr. 1 og 3 var på 16 sider, blad 2 og 4 hadde 20 sider, med giro i blad nr. 2. Målet er å ha økonomi til å ha minimum 20 sider i alle nummer.

Bladet vart sendt ut til alle i sokna Førde, Naustdal, Vevring, Holsen og Haukedalen, i tillegg til den delen av Askvoll som ligg på Førdefjorden si sørside. Bladet blir i tillegg sendt til betalande abonnentar utanom sokna, kyrkjekontor, misjonsorganisasjonar o.a., samla rundt 40 mottakarar.

Redaksjon:

I redaksjonen: Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler. Fleire har bidrege med artiklar, intervju og informasjon. Kyrkjekontora leverer informasjon om trusopplæring, aktuelt, oversikt over døypte og gravlagde og gudstenestelister. Sokneråda har og levert aktuelt stoff.

Styret:

Styret er samansett slik:

- Ole Johnny Warvik frå Førde SR, styreleiar
- Arne Kleiva frå Naustdal SR
- Marit Solheim, Førde
- Bodil Frøysland frå Holsen og Haukedalen SR, skrivar

Styret har hatt 3 møte i 2021. Saker styret har tatt opp saker som gjeld arbeidet med bladet, økonomi og annonser/annonsørar. Det har i 2021 vore gjort vurderingar av bladpengar og pris for annonser i

håp om å få balanse i rekneskapen.

Arne Kleiva har tatt ansvar for annonsane, og arbeider med å standardisere annonsemalar, forbetre utforming og skaffe nye annonsørar.

Økonomi:

Rekneskapen til Helg og Heim går inn som ein del av rekneskapen til Førde sokn. Den største kostnaden er trykking og porto.

Det kom inn ca kr. 143 000,- i bladpengar, som er markant oppgang frå 2020 (kr. 83 000), då vi av innsparingsgrunnar ikkje hadde giro i bladet. Vi gjeninnførte giro i 2021, noko som har hatt god effekt. Kyrkjeoffer kr 6 139,-, ein betydeleg nedgang frå 2020 (kr 16 000,-). Nedgangen må sjåast i lys av lav deltaking på og avlyste gudstenester i 2021 grunna Covid 19. Annonseinntekter: Kr 42 400,- (kr 40 000,- i 2020).

Rekneskap for 2021 viser eit overskot på kr 5. 983, som vert overført til bunde fond.

Ole Johnny Warvik
styreleiar

12. Førde kyrkjetun



Styret har saman med Førde Sokn drive Kyrkjetunet i samsvar med vedtektene som sist vart endra 21. februar 2013.

Styret si samansetjing pr 31.12.2021:

Kjell Haaland – leiar (2020 -2022)

Jostein Tjugum - nestleiar (2020 - 2022)

Halldis Berge – styremedl. (2020-2022)

Helge Naustdal – styremedl. (2021– 2023)

Jostein Bildøy – styremedl. (2020 – 2022)

Frå 1. januar 2021 er Førde Sokn eigar av Førde Kyrkjetun.

I samsvar med vedtektene var det val i 2021. Desse var på val:

- Helge Naustdal (attval)
- Solveig Masdal Haugsær (tek ikkje attval).
- Jostein Tjugum går inn som fast medlem.

Det vart vedteke at vi ikkje lenger skal ha varamedlemmer.

Styret har hatt 5 møte og handsama 31 saker.

Dagleg leiing

Ann-Berit Steiro har vore dagleg leiar i 75 % stilling sidan 1. mars 2019. Grunna pandemi-restriksjonar var det ein lengre periode i 2021 redusert aktivitet og vi måtte vurdere permittering. Heldigvis hadde Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd trong for ein medarbeidar i deltidstilling og vi fekk ein avtale med deling av stillinga med 37,5 % for Kyrkjetunet og 37,5 % for Fellesrådet over ein periode på 8 månader. Styret er svært takksame for velvilje frå Fellesrådet.

Olaug Aamot har gjennom fleire år vore til uvurderleg hjelp. Ho er tilsett som reinhaldar/kjøkkenhjelp 20 timar pr. mnd. og legg i tillegg ned stor frivillig innsats.

Det er eit svært godt samarbeid på huset, både med tilsette og dugnadsfolk. Vi er framleis svært avhengig av ein stor stab med ivrige dugnadsarbeidarar, både som kjøkken/arrangements-hjelp og for vaktmeister-tenester.

Aktivitet

Kontordelen har vore leigd ut til Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd i samsvar med avtale.

Kontordelen er etter kvart for liten. Frå 2. halvår 2016 har Kyrkjekontoret nytta

Bergkrystallen i 3. etg. som samtalerom. Etter kommunesamanslåinga treng dei meir plass.

Fellesrådet leiger Smaragden (konfirmantrommet) i staden for Bergkrystallen. Eit av kontora vart delt med skillevegg våren 2021. Det er inngått ny leigeavtale med Fellesrådet i desember 2021.

Kyrkjetunet hyser eit omfattande og variert kristent barne- og ungdomsarbeid. Senter for denne verksemda er ungdomslokala i 1. høgda, men også andre deler av huset vert nytta. Dette arbeidet vert for ein stor del drive av KFUK/KFUM-Førde.

Trusopplæringa i kyrkjelyden gjer omfattande bruk av huset. «Spiren» peiker seg ut som særleg vellukka, med stor deltaking av barn og foreldre.

Førde Kyrkjetun vert også brukt til konfirmantundervisning. Dei bruker då rom i alle etasjar i undervisninga, samt kjøkken.

Kvar onsdag er det 10-kaffi i 1.etasje i Barne- og ungdomslokalet. Dette er eit arrangement som er eit samarbeid mellom kyrkja, Frivilligsentralen og Resurssenteret. Det er eit vellukka sosialt tiltak som mellom anna samlar fleire eldre.

Julafta-feiringa har vore eit vellukka arrangement der Førde kommune og ulike frivillige organisasjonar har gått saman om å lage julemiddag og ein fin kveld. I år vart det ei lita samling grunna korona-restriksjonane.

Dei ulike møtelokala vert mellom anna brukt til:

Konferansar / kurs, konsertar, minnesamvær, åremålsdagar, konfirmasjonsselskap, dåpsselskap, foreningsmøte, kyrkjekaffi, julearrangement og bryllaup. I varierende grad står Kyrkjetunet sjølv for servering ved desse samkomene.

Ekstern annonsering har berre i liten grad vore gjort. Kyrkjetunet sine utleigelokale synest å stette ein trong for slike lokale i Førde og brukarane gjev gjennomgåande svært gode tilbakemeldingar både når det gjeld lokala og servicen. Dette er i seg sjølv den beste annonseringa. Facebook-konto er elles til god hjelp for annonsering/reklamering. Denne omfattande verksemda hadde ikkje vore mogleg utan ein arbeidsviljug stab av dugande og engasjerte dugnadsarbeidarar. Dette omfattar både kjøkkendrift og vaktmeistereneste. Kjøkkendrifta er avhengig av ei stor liste for tilkallingshjelp. Vaktmeistergruppa består av 11 personar, som arbeidar 2 og 2 kvar 6. veke. I tillegg kjem ein del fellestiltak. Dette fungerer svært godt for Kyrkjetunet.

Sommaren 2021 vart Kyrkjetunet malt utvendig av malarfirmaet AG Malar med godt resultat. Arbeidet dette året har vore prega av den pågåande koronapandemien. Det har vore færre arrangement på grunn av dei ulike smittevernrestriksjonane. Vi har likevel gjennomført både minnesamvær og konfirmasjonsselskap og har leigd ut til barnedåpsselskap, kurs og møte.

Hausten 2021 vart det arrangert loppemarknad. Det er eit viktig arrangement som gir god reklame og gode inntekter til drifta og som er eit sosialt treffpunkt for både dugnadsfolk og dei som kjem innom for å handle. Det vart seld varer for 47 000 kr.

Sjølv om aktiviteten har vore lågare enn vanleg i 2021, har det blitt utført eit betydeleg tal dugnadstimar på Førde Kyrkjetun.

Avvikling av Stiftinga

Frå 1. januar 2021 er Førde Kyrkjetun med alle eidedelar overført til Førde Sokn. Dette er i tråd med dei opphavelige vedtektene for stiftinga. Bakgrunnen for dette er at då den konkrete planlegginga av bygging og finansiering tok til i 1990 var ikkje soknet etter lova ei juridisk eining og kunne ikkje ta opp lån. Det måtte difor opprettast ei stifting med eige organisasjonsnummer i Brønnøysund-registeret. Dette vart gjort 20. mars 1990.

Ved ny kyrkjelov i 1997 vart soknet ei eiga juridisk eining. Samstundes vart det vedteke at stiftingar med tilknytning til kyrkjeleg verksemd kunne avviklast og eidedelar overførast til soknet etter ei enklare prosedyre enn det som elles gjeld for avvikling. Frist for å gjere dette var utgangen av 2020. Styret vedtok i møte 22. september 2020 å sende søknad om avvikling. Kyrkjetunet skal framleis ha eit husstyre på 5 medlemmer vald av Førde Sokneråd med ansvar for drift og vedlikehald. Dagleg leiar er framleis tilsett i 75% stilling.

Arbeidsgjevaransvar er overført til Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd slik det er for andre tilsette ved kyrkjekontoret (unnateke prestane). Dette kan gje samarbeid med fordelar for både soknet og Kyrkjetunet. Kyrkjetunet skal ha eigen konto i soknet sin rekneskap. Intensjonen er framleis at Kyrkjetunet skal vere sjølvfinansiert.

Kyrkjetunet hadde ved byggestart i år 2000 eigenkapital på noko over 4 millionar og lån på omlag 8 millionar fordelt likt på Sparebanken Sogn og Fjordane og Opplysningsvesenets Fond. Hovudkjelder til inntekt har vore utleige av kontordelen og utleige og servering ved ulike arrangement, samt loppemarknad og gjevarteneste. Bak dette ligg tusenvis av dugnadstimar frå frivillige i Førde. Vedlikehald og oppgradering som ikkje krev autorisert personell og alt styrearbeid er gjort på dugnad. Dette saman med låge lånerenter gjer at Kyrkjetunet har vore sjølvfinansiert og kunne overførast til soknet i praksis gjeldfritt.

Gjeld pr. 31.12.2021 er kr 55 858.

Driftsinntekter og driftsutgifter syner eit overskot for 2021 på kr 124 341.

Fast gjevarteneste utgjer 42 500 mot 53.500,- i 2020.

Framtid

Konklusjonen er at økonomien er tilfredsstillande. Det tyder ikkje at vi ikkje har utfordringar. Trong for vedlikehald aukar med alder på bygning og inventar. Vi tar sikte på å skifte ut borda i møtesalen i 2022. Golvet i møtesalar må renoverast (omlag 60 000), vi treng ny oppvaskmaskin (60 000). Krav til vedlikehald og periodisk kontroll av elektrisk anlegg, heis og brannvarsling samt forsikring, kommunale avgifter, eigedomsskatt og oppvarming er kostnadskrevjande.

=====

Styret vil få takke alle dugnadsarbeidarar, tilsette og staben ved Førde Kyrkjekontor, samt faste brukarar - for eit svært godt samarbeid.

Kjell Haaland
Styreleiar

13. Rekneskap 2021

Tilsettingar skjer gjennom Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og Bjørgvin bispedømme. Førde sokn har økonomiske forpliktingar knytt til stillinga som kyrkjelydspedagog (Gry Sætre), stillinga som diakoniarbeidar (Ingvard Vagstad) og til gjennomføring av tiltak for born og unge.

Førde kyrkjetun har tidlegare vore stifting, men er frå 2021 teke inn som ein del av Førde sokn sin rekneskap, sjå nærare omtale i Kyrkjetunet si årsmelding.

Rekneskapen for 2021 for soknet sett under eitt ser slik ut:

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	2 722 064	2 230 100
Driftsutgifter	-2 011 790	-1 942 600
Renter og avdrag	-167 212	-4 000
Driftsresultat	543 062	283 500
Netto bruk av fond og avsett til fond (sjå spesifikasjon under dei ulike tenesteområda)	-543 062	-283 500
Resultat	0	0

Merknad som gjeld alle tenesteområda:

Kompensasjon for meirverdiavgift vert ført i rekneskapen både som inntekt og utgift, men dette er ikkje lagt inn i budsjettet, og det forklarar ein del av avvika mellom budsjett og rekneskap.

Fordelt på dei ulike tenesteområda er resultatet slik:

Anna kyrkjeleg verksemd

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	280 665	270 000
Driftsutgifter	-175 424	-271 000
Renteinntekter	0	1 000
Driftsresultat	105 241	0
Dekning av underskot 2020	-53 720	
Avsett til fond – gåver til ny løpar	-50 340	
Avsett til fond – tilskot til aktivitetar	-76 200	
Bruk av disposisjonsfond	30 353	
Resultat	-44 666	0

Offer til andre enn soknet vert ført både som inntekt (når offeret kjem inn) og som utgift (når pengane vert betalt vidare). Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld driftsutgiftene, har i hovudsak samanheng med at det er utbetalt mindre i offer til andre enn det som låg i budsjettet. Den tilsvarende reduksjonen i offerinntekter er oppvege av innkomne gåver til ny løpar og tilskot frå fellesrådet til aktivitetar; desse inntektene var ikkje med i budsjettet.

Konfirmantarbeidet

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	523 808	489 500
Driftsutgifter	-246 635	-276 000
Driftsresultat	277 173	213 500
Avsett til fond - konfirmantarbeid	-277 173	-213 500
Resultat	0	0

Konfirmantane betaler for å delta i konfirmantopplegget, og vanlegvis vert faktura sendt ut om hausten ved starten av konfirmantåret. Hausten 2020 vart ikkje dette gjort på grunn av uvisse om kva aktivitetar som ville bli gjennomført; fakturaer for det konfirmantkullet vart sendt ut i 2021.

Rekneskapen for 2021 inneheld difor deltakarbetaling for to konfirmantkull.

Det er noko mindre utgifter enn i budsjettet på grunn av at ikkje alt har blitt gjennomført som planlagt.

Overskotet er sett av til fond, i utgangspunktet til dekning av aktivitetar våren 2022, men noko av dette vil bli tilbakebetalt til konfirmantane når det er klart kor store utgiftene knytt til endra opplegg vert, samanlikna med det som var planlagt.

Trusopplæring

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	113 847	77 000
Driftsutgifter	-113 693	-87 000
Driftsresultat	154	-10 000
Bruk av fond	0	10 000
Resultat	154	0

Utgiftene er noko større enn budsjettet, mellom anna fordi soknet no betaler porto sjølv (dette vart tidlegare betalt av fellesrådet). Husleiga er også større, men dette er ikkje noko som vert betalt – det er ei intern føring innanfor soknet, der utgiftene vert ført på trusopplæringa og inntektene på kyrkjetunet.

Soknet har i 2021 fått behalda innkomne offer til ungdomsarbeidet - dette skal eigentleg overførast til fellesrådet til dekning av lønsutgifter; for 2022 må ein rekna med at fellesrådet skal ha desse offera. Fellesrådet har elles ikkje kravd refundert ekstra lønsutgifter knytt til Vakuumveka, slik dei vanlegvis har gjort.

Helg og Heim

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	242 234	183 600
Driftsutgifter	-206 252	-183 600
Driftsresultat	35 982	0
Avsett til fond - kyrkjebladet	-35 982	
Resultat	0	0

Det har kome inn ein del meir i bladpengar enn budsjettert, og elles har bladet fått eit driftstilskot frå fellestrådet.

Førde kyrkjetun

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	1 561 509	1 210 000
Driftsutgifter	-1 269 786	-1 125 000
Renter og avdrag	-167 212	-5 000
Driftsresultat	124 511	80 000
Avsett til disposisjonsfond - kyrkjetunet	-80 000	-80 000
Resultat	44 511	0

Det har vore meir aktivitet i huset enn ein trudde då budsjettet vart sett opp, og utleigeinntektene har difor blitt større enn i budsjettet. Avdrag på lån ligg elles inne som utgift i rekneskapen, men ikkje i budsjettet.

Heile overskotet til kyrkjetunet skal overførast til kyrkjetunet sitt disposisjonsfond, men av formelle grunnar kunne berre det budsjetterte overskotet overførast i 2021; resten vert avrekna i 2022, gjennom ei overføring frå soknerådet sitt disposisjonsfond til kyrkjetunet sitt disposisjonsfond.

Soknet har desse fonda:

	Pr. 01.01.21	Endring 2021	Pr. 31.12.21
Fond minnegåve	10 370	0	10 370
Driftsfond konfirmantarbeid	0	277 173	277 173
Driftsfond løpar Førde kyrkje	0	50 340	50 340
Aktivitetfond	0	76 200	76 200
Driftsfond kyrkjebladet	42 878	35 982	78 861
Sum bundne fond	53 248	439 695	492 944
Disposisjonsfond Førde sokn	133 767	-30 353	103 414
Meirforbruk 2020	-53 720	53 720	0
Disposisjonsfond kyrkjetunet	337 410	80 000	417 410
Sum disposisjonsfond	417 457	103 367	520 824
Sum fond	470 705	543 062	1 013 768

Bankinnskott ved utgangen av året: **979 062**

Lån ved utgangen av året: **55 191**

Offer i Førde kyrkje

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Trusopplæring	9 243	17 430	57 016
Ungdomsarbeid	57 886	29 453	54 603
Diakoniarbeid		15 148	30 871
Anna, Førde sokn	37 304	18 981	61 061
Helg og heim	936	11 705	5 827
Førde kyrkjetun	6266	4 743	17 088
Kirkens Nødhjelp			69 688
Andre organisasjonar	112 061	115 931	209 157
SUM	223 696	213 391	505 311

Offer til diakoniarbeid vert overført til fellesrådet og inngår difor no i summen til «Andre organisasjonar». Innkome til diakoniarbeidet i 2021: 20.380.

Offer til Kirkens Nødhjelp vert ikkje lenger skild ut, dette vert no ført saman med offer til andre.